

Statsbudsjettet 2016 Kap 1429 Post 70 – Bevaringsprogram
for bergkunst (BERG)

Rapportering 2016
Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune søkte ikkje om BERG-midlar frå Riksantikvaren for 2016, ettersom overførte midlar frå tidlegare år gir grunnlag for det vi rekk over av skjøtsels- og tilretteleggingsarbeid med bergkunstlokalitetane i Hordaland i 2015. Det meste av tida så langt i 2016 har blitt prioritert til igangsettinga av prosjektet med interaktiv formidling av helleristningslokaliteten Mostraumen i Modalen kommune.

I vår blei arbeidet med sjølve utviklinga av formidlings-appen lagt ut på anbod, ettersom eit så omfattande prosjekt må følge rutinane for offentlege anskaffingar under terskelverdi. Etter ein svært tidkrevjande prosess, blei IT-selskapet Netpower AS valt ut saman med sin underleverandør Double Think AS. Tilboda som kom inn var langt over dei midlane på 300.000 som ligg i prosjektet, men ettersom dette er eit pilotprosjekt fekk ein etterkvart tilpassa omfanget til kva som er absolutt naudsynt. Målet for piloten er som kjent å stadfeste om denne type formidling kan la seg gjere reint teknisk, og om kvalitet, brukaromsyn og kostnadene gjer det realistisk å gå vidare med prosjektet. Ut over utviklingskostnadane på 300.000, vil framtidig drift av server for applikasjonen kunne koste kring 1000 kr pr. mnd. Blir prosjektet ein suksess som ein vil gjere nytte av i formidlinga av andre lokalitetar, vil nok kostnadane med å lage appen bli mindre enn den initiale utviklinga av teknologien, men ein kan ikkje sjå bort ifrå at dei jamlege serverkostnadane kan vere ein bøyg for dei som eventuelt skal ta vidare ansvar for drifta.

Arbeidet frå forvaltinga si side er organisert i ei prosjektgruppe i samarbeid mellom HFK, Universitetsmuseet i Bergen og Modalen kommune. Etter eit svært positivt arbeidsmøte med leverandørane, kunne kontrakt etterkvart signerast i byrjinga av oktober. Arbeidet er no omsider godt i gang, og estimat for ferdigstilling er tidleg vår 2017. Etter ferdigstillinga tek ein sikte på at Modalen kommune vil «eige» formidlingsinstallasjonen som del av deira planlagde tilrettelegging av Mostremen.

Arbeidet med dei andre bergkunstlokalitetane med tilskot frå Riksantikvaren held fram. Desse lokalitetane er:

Bruteigsteinen i Etne
Helgaberget i Etne
Håhaugsteinen i Ullensvang
Vangdal i Kvam.

Bruteigsteinen etter dei siste åra med skjøtsel, har bergflata blitt svært bra. Fjerning av mose, bruk av grønskefjernar og vasking med sprit har hatt god effekt. Det er viktig å oppretthalde jamleg skjøtsel av bergflata for at ho ikkje igjen skal bli dekkja av lav og algevekst. Eit aspekt som i nær framtid vil kunne krevje ekstra skjøtselsinnsats, er at grastorva i sørvestre del av lokaliteten veks inn over bergflata. Dette fører til auka tilfang av lav og algar.

Helgaberget har blitt svært bra etter ein god vask med sprit. Vi har også ein god dialog med grunnegaren, som tidlegare har fått egna kostar til fjerning av laust gras, mose og lauv. Her står det også att arbeid med å få på plass ei god skiltlysing.

Håhaugsteinen ber preg av den skjemmande oppmalinga av figurane, noko som i høve Universitetsmuseet i Bergen viser seg vanskeleg å få fjerna. Ut over dette er det mest presserende arbeidet med Håhaugsteinen å få gjennomført skiltinga av lokaliteten, og rutinar for å hindre attgroing kring steinen. Dette arbeidet har vi ikkje rekt å få sett i gang enno.

Vangdal krev kontinuerlig vegetasjonspleie på felt I, og på sikt noko meir omfattande oppreinsking der grastorva har vaks opp over nokre av figurane i øvre del av lokaliteten. Både på felt I og II er det viktig at fjerning av algar og vask av bergflata held fram. Det er også jamleg problem med hærverk. Vi vil forsøke å få på plass meir involvering av Kvam kommune i vidare skjøtsel av vegetasjon, tilkomstveg og rampe.

Bakke, felt I i Jondal blei dekt til sist vinter, og vi har no tatt opp kontakta med arvtakarane i bygdelaget for å gjennomføre sesongvis vintertildekking. Duesteinen i Etne er framleis svært tilgrodd, og vi må her halde fram med grundig fjerning av algevekst. Tilkommstrampa er også farleg sleip og glatt av ei tjukt lag med algar som må skrubbast bort. Når det gjeld kringliggjande vegetasjon, så blir den halde godt nede av grunneigaren sin forpaktar. Fullføring av sikringsarbeidet i samband med funn av ein ny skålgrøplokalitet etter ei rotvelte (Ljonå II id.180926), har det så langt ikkje blitt sett av tid til i inneverande år.

Følgjande BERG-prosjekt har fått overført midlar frå Riksantikvaren:

BERG	Prosjekt	Tilskot	Utbetalt	Merknad
2013	Skjøtsel/tilrettelegging av Bruteigsteinen	30 000	30 000	Prosjektet held fram. Behov for jamleg skjøtsel.
2014	Istandsetting av rampen på Bruteigsteinen	50 000	50 000	Overskytande midlar skal nyttast til vedvarande skjøtselsarbeid.
2014	Interaktiv formidling av Mostraumen	300 000	300 000	Prosjektet er godt i gang og skal ferdigstillast våren 2017.
2013	Skjøtsel/tilrettelegging av Vangdal	15 000	15 000	Prosjektet held fram. Behov for jamleg skjøtsel.
2013	Skjøtsel/tilrettelegging av Håhaugsteinen	25 000	25 000	Prosjektet held fram. Prioritering av skilting.
2013	Skjøtsel/tilrettelegging av Helgaberget	5 000	5 000	Prosjektet held fram. Prioritering av skilting.